

Fekk ingen med seg på dugnad

24.08.2011



Aleine med spaden:Møyfrid Kristoffersen

**Leiar i soknerådet Møyfrid Kristoffersen vart ståande áleine med spaden ved gjerdet mot kyrkjegarden klokka 15. Ingen tok i mot invitasjonen gjenom uskedalen.no om å stilla på dugnad for å pynta opp gjerdet.**  
**Men ho er ikkje frustrert av den grunn. Det var ikkje å venta at folk skulle stilla på så stutt varsel, innrømmer ho.**

-Dei får sjansen igjen i morgen, men då må dei ringa soknerådsmedlem Reidar Myklebust på førehand. Eg tek også gjerne imot telefonar frå folk som vil gjera ein eller annan jobb med tilknytning til kyrkja, seier Møyfrid og renskar opp langs gjertet før vasking, skraping og maling. Malinga skal skje på den første godversdagen og dugnaden gjeld i denne omgangen gjertet langs vegen. Målsettinga er å pynta opp ein side i året.

-Men mange meiner at ein heller burde male kyrkja, som også er sterkt malingslitt, ikkje minst på inngangs-sida...  
 -Det er eg einig i, men i likheit med gjerdet er maling av sjølve kyrkja ein sak for Fellesrådet. Og målsettinga er å male to sider i år og to til neste år.

Fellesrådet skulle altså eigentleg også ta seg av gjerdet. Men når ein kjenner budsjett-situasjonen veit ein kor velkomment det er med lokal innsats, seier soknerådsleiaren.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen